



Notat

Til: Kate Klementsens

Kopi til:

Saksbehandlar: Vegavdelinga/Ketil Mikkelsen

Vår referanse: 14/2348 - 212 / FA - Q10

Dato: 17.10.2018

Emne: Omlegging Bruvegen - Haugen barnehage

Visar til Dykkar førespurnad omkring omlegging av Bruvegen.

Det ligg føre ein vedteke områdereguleringsplan for Knarvik sentrum. Delar av denne skal no realiserast, og i den forbindelse er det vedteke ein detaljreguleringsplan. Dei første fasane av arbeidet omfatter blant anna senking av Kvassnesvegen i sør og aust. Arbeidet skal etter planen starte opp i første halvdel av februar 2019. I perioden då arbeidet i Kvassnesvegen pågår, vil Bruvegen kunne fungere som omkøyringsveg for trafikken til og frå industri- og boligområdet i sør ved Kvassneset. Vegen vil og verte omkøyringsveg for legevakt/ambulansse. Det vil måtte påreknast auka trafikk gjennom Bruvegen forbi Haugen barnehage. Ein reknar med at arbeidet med senking av Kvassnesvegen vil være ferdig seint 2019.

Tiltak som vert gjort for å sikre mjuke trafikkantar og området rundt barnehagen er følgjande:

- Det vert bygd fortau langs Haugen barnehage gjennom Bruvegen med tilknytting til Kvassnesvegen i sør-aust
- Det vert etablert ei ekstra fartshump i Bruvegen
- Det vil verte satt opp offentleg skilt - 142 Barn, nord og sør for Haugen barnehage
- Gjerdet til Haugen barnehage vil verte heva

Lindås Kommune beklagar dei ulempene arbeidet får for folk og trafikkantar i området.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

